

17. MAI 1914.

BAUTASTEINEN

av

Lars Feet.

Minne frå 17. mai 1914.

Reising av bautasteinen.

Vinteren 1914 kom det eit skriv til Uskedal Ungdomslag om å førebu feiringa av fridomsdagen 17. mai. Det var og fremja framlegg om laget kunde reisa ein bautastein til minne om dei som vart utkommandert frå bygdi i ufreden 1808-1814. Dette vart det snakka om og det vart valt ei nemnd som skulde arbeida vidare både med 17. mai og bautasteinen. Med i nemndi var Tor Myklebust d.å. (formann) Abel Eik, Kristen Døssland, J. Tunold, Ivar Arnesen d.e., Isak Døssland og Mils O. Myklebust. Gjert T. Myklebust kunde fortelja at han hadde greie på ein slik stein som kunde høva til dette. Nemndi var straks på synfaring til Buk i utmarki til Olav A. Myklebust. Steinen var stor og velskikka til føremålet, men det kravde mykje å få steinen på plass. Isak Døssland fekk i oppgåve å smi kilar og sprengja han frå fjellet slik at dei kunde koma til med spett og våg. So var det sbor utrykking i bygdi for å få steinen på plass. Steinen vart velta fram, men snart vilde han styra sjølv. Det var festa ein kjetting i han som ein skulde bremsa med, men det nytta ikkje. Steinen tok ut på eiga hand og han stogga ikkje før bøgjerdet. På den ferdi hadde han slegi av seg 1 meter av lengda. So var det spetting og draging og den dagen kom dei ned på bøden til Bringedal med han. Neste dag hogg ein to osper og fekk våga han att og fram No gjekk det betre og den dagen kom dei ned til bygdevegen under Dønhaig, men veret var dårleg so ein laut avslutta arbeidet den dagen. Men om natti hadde det frose til og lagt eit islag på vegen og dermed gjekk det melding om at alle måtte ut frå Hermetikkfabrikken og Sildoljefabrikken. Dei kom og andre og frå bygdi og no måtte steinen i veg. Han var noko treg i byrjinga, men då han fyrst kom på gli, var det ikkje stogg før han var på plass der han no står. No syntest ein det verste arbeidet var gjort, men enno stod det mykje arbeid att. Fyrst laut namni hoggast inn. Det tok Abel Eik og Johs. Wang seg av. Nemndi førebudde no sjølv reisingi. Ein var til Skorpo og henta stokkar til ein bukk. Ute på Gravdal fekk ein patenttalje og hos ~~for~~ fekk ein sling i bukken slik at ein kunde halda han saman

og til å hengja taljen i. Det vart og laga ein mindre bukk som skulde vera til støtte då dei byrja reisa steinen. Dermed var ein trygg om ein laut skifta tak for taljen eller om noko skulde glippa. Bæraren oppe på bukken var laga slik at han gjekk 1,5 meter utanom steinen på kvar side slik at ein kunde fylgja med steine<sup>n</sup> etterkvart som han vart reist. Svein Stølen var meister for desse bukkane. Alt var kart for sjølvreising<sup>a</sup>. Det var samla mykje folk og det var ein vakker vårveld. Det var strekt to tau frå bukken og opp i to bjørker i Skårhaug. Vi ungdomane fekk festa taua, men dei gav etter og laut slakka ned att. Trossene gav etter fleire gonger. Med oss og strekte var Martin Myklebust som var mannskap på Sandajekto og han ropa ut at vi laut ombord i båten og henta taljer. Han hukka ned indrefalle og vi andre stor som båe var firskårne taljer og med dei på trossa, stramma vi til så det vart ropa stopp. No laut steinen reisa på seg og så var det om å gjera å fylgja datter med bukkane. No var det ikkje vanskar. St<sup>u</sup>inen seig ned i gropa s<sup>å</sup> og snart var han på plass.

### Vigsel.

17. mai 1914 rann med fint vårver og mykje folk var samla for å høgtida dagen. Tor Myklebust tala og minnest dei ~~folkene~~ som hadde vore ute for å verja landet. Det var til dei vi hadde reist denne steinen. Han takka so dei som hadde hatt arbeidet med reisingi av steinen og dermed let han ~~steinen~~ <sup>duken</sup> falla. Sein<sup>are</sup> tala Sivert Kjærland for folk og fedreland.

Ivar Arnesen tala om si fagre barndomsbygd og slutta soleis: Her har min vugge stått og her ynskjer eg å få kvila. Om kvelden var det folkefest i skulehuset som Tor Myklebust styrde. Sivert Kjærland, Kristen Døssland tala. Den siste tala om rusdrykken og det norske målet: Burt med rusdrykken, Norsk måi i Norig.

Etter festen samlast folk i Helgheim der ein synte spelstykke På Heimveg. Helgheim var meir ein fullsett og spelet fekk mykje fagning. Tunold og Arnesen var med og såg spelstykket. Etterpå var det fyrverkeri noko som ikkje var vanleg i dei dagar. Det gjorde stor lukke. Seinare gjekk dansen lystig i gamle Helgheim til det ljosna av ny dag.